

Prosjektskildring for Jubileumsførestilling med Danseverkstadane i Sogn og Fjordane 2016



Foto: Keth Øren, Sogn Avis

Ansvarleg

Dans Uten Grenser

Organisasjonsnummer: 991 796 290

Kontaktperson: Ove Henning Solheim

Mob 416 57 941

Epost: ove@dansutengrenser.com

1. Nøkkeltal

Etter at budsjettet er justert har Jubileumsførestillinga ei kostnadsramme på kr 1 190 000,-. Prosjektet involverer 100 danseinstruktørar frå 10 kommunar. Det vert 7 førestillingar på ulike stader i fylket. På kvar førestilling vil det, i tillegg til instruktørane, vere med 40 danseelevar frå kvar danseverkstad som får høve til å opptre for eit stort publikum. Basert på erfaringar frå tidlegare førestillingar forventar vi eit samla publikumsstal på rundt 1500.

2. Litt om Danseverkstadane

Dans Uten Grenser (DUG) etablerte danseverkstadane i Sogn og Fjordane i 2006 saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune. DUG baserer seg på ung-til-ung-formidling. Det betyr at ein jobbar systematisk med å «kvalifisere» ungdom til ung-instruktørar rundt om i fylket. Etter at kvalifiseringsperioden er over, driftar instruktørane fleire dansegrupper i kommunen sin og gir undervisning til barn og unge i alderen 6 – 20 år. Dette gjer dei utan betaling.

Ungdom frå 13 år og eldre kan ta instruktørutdanning gjennom DUG. Utdanninga går over 10 helgar fordelt over 9 månader, og vert avslutta med skriftleg eksamen, solodans og gruppedans.

Danseverkstadane er eit viktig førebyggjande tiltak. I Sogn og Fjordane starta fylkessatsinga for å fremje fysisk aktivitet og motverke tidleg debut av alkohol og andre rusmidlar. Vi var opptekne av å nå dei som ikkje fann seg til rette i dei etablerte fritidstilboda i kommunen sin, dvs. dei uorganiserte. Dansen krev god kondisjon og dei unge instruktørane trener og beveger seg mykje. Gjennom instruktørrolla opplever ungdommane meistring og får tru på seg sjølv og personleg vekst. Dei får drive med det dei likar saman med andre med same interesser og dei utviklar vennskap og samhald. Dette er viktig for deira psykiske helse og trivsel.

I tillegg til danseverkstadane i Sogn og Fjordane, har DUG danseverkstadar i fleire fylker som Oppland, Østfold og Vestfold.

DUG gir dansetilbod til store og små stader i fylket

Dans er vorte eit viktig og populært fritidstilbod til barn og unge. Danseverkstadetableringa har gjort at 10 små og store kommunar i fylket har fått eit dansetilbod. I desse kommunane jobbar **100 danseinstruktørar** frivillig med undervisning for ca. **1100 elevar kvar veke**. Utfordringa for fleire kommunar er at det er vanskeleg å få tak i instruktørar. Gjennom DUG sitt opplæringsprogram var det nærare 80 ungdomar som tok utdanning og vart uteksaminert i 2015.

Verdiar og holdningar

DUG jobbar mykje med verdiar og haldningar til instruktørane. Dette vert vidareformidla til elevane i danseverkstadane. Dans Uten Grenser skal vere «**ein plass for alle**» - eit fritidstilbod med låg terskel for deltaking både økonomisk og sosialt. Det blir lagt stor vekt på at instruktørane skal «sjå» elevane og syte for at alle blir inkludert. Instruktørane er viktige rollemodellar for elevane i danseverkstaden, og det blir stilt forventningar til dei. Som instruktør lærer du å ta ansvar, å lede og å stå framfor ei forsamling eller eit publikum. Dei blir trygg på seg sjølve. Å fremme meistring, respekt, samhald og samarbeid er viktige verdiar i danseverkstadane.

Vi er opptekne av å gje ungdommen ein eigen plattform, kor dei er drivkrafta og kan få skape og legge til rette for andre barn og unge. Vi ynskjer å gje dei ei meistringskjensle og opplevinga av at dei er med og bidreg til noko positivt i lokalsamfunna dei er ein del av. Det å vere danseinstruktør blir slik sett ei personleg utvikling for den enkelte, samtidig som dei er del av eit stort fellesskap.

3. Jubileumsførestillinga – gjennomføring av prosjektet det vert søkt om støtte til

Det vert **15 produksjonshelgar** der ein øver inn koreografi. Det blir fem felles samlingar i Sogn og fem i Sunnfjord - to samlingar berre for gitar og tre samlingar for alle dei 100 instruktørane som deltek. Det er krevjande å få gitar i gong som instruktørar. Derfor legg vi

til rette for egne koreografier for gitar i forestillinga. Dei viktige rollemodeller for gitar blant publikum, og viser at det er tøft også for gitar å danse.



Foto: Keth Øren, Sogn Avis

2.5 Profesjonelle instruktører med bakgrunn som ung-instruktør

Dei fleste instruktørane som DUG hentar inn til produksjonshelgane for forestillinga har starta si karriere som elev i ein av danseverkstadane og har seinare kvalifisert seg til instruktør. Fleire av dei har seinare profesjonelle ved at dei har gått vidare til Norges balletthøgskule, Statens balletthøgskule, fått seg jobb i eit danseensemble eller jobbar som dansepedagogar. Dette er eit av dei varige resultatata av arbeidet til DUG.

2.6 Kostymer

Alle kostymane som blir kjøpt inn i jubileumsforestillinga kjem danseverkstadane i fylket til gode. Dei blir lagra på hovudlager i Førde, og blir lånt ut til danseverkstadane i ettertid ved behov. Gjennom ulike prosjekt dei siste åra har det bygd seg opp eit flott kostymelager. Skikkelige kostymer i showa er viktige for dansarane som deltek. Dei dansar rolla si ekstra godt når riktig kostyme kjem på. Samtidig gir dette eit profesjonelt uttrykk på forestillinga, og er med å gjere opplevinga for publikum endå større.



Foto: Keth Øren, Sogn Avis

2.7 Verknaden av prosjektet - sjølv produksjonen og jubileumsførestillinga

Instruktørane i DUG får som tidlegare sagt ikkje løn for å drifte dei lokale dansegruppene men dei får betalt i form av å delta på ulike danseprosjekt der dei utviklar seg og får påfyll som dansarar. **Jubileumsturneen er eit slikt prosjekt.**

Instruktørane utviklar seg til å bli betre dansarar under desse produksjonshelgane. Dei lærer korleis ein set saman «proffe» danseshow. All denne kunnskapen tek dei med seg heim og bidreg til å løfte sin eigen danseverkstad – både når dei lagar koreografi til eigne danseelevar og når dei lager sine lokale danseførestillingar.

For instruktørane som deltek utviklar det seg eit viktig fellesskap og vennskap på tvers av kommunegrenser gjennom desse produksjonshelgane. Dette gir dei ekstra påfyll og motivasjon. Nettverket ungdomane etablerer med andre unge i fylket er svært verdifullt.

Ein jubileumsførestilling blir på mange måtar ein viktig drivar for dei lokale danseverkstadane. For å halde kontinuitet lokalt trengs det dyktige instruktørar som inspirerer og skaper dansegleda. Jubileumsførestillinga gjev dei påfyll med kunnskap og motivasjon for den viktige jobben dei gjer. Dette er med å halde liv i danseverkstadane som eit svært viktig fritidstilbod i lokalsamfunnet.

Vi ynskjer at publikum skal oppleve energien, dansegleda og profesjonaliteten som ungdommane har utvikla undervegs og vise kva dansen betyr for dei. I tillegg er førestillinga viktig for rekruttering av nye danseinstruktørar. For mange av elevane som ser på, har dei ein drøm om å bli danseinstruktør når dei blir stor. DUG gjer slike drøymar til verkelegheit.



Foto: Keth Øren, Sogn Avis

2.8 Eventuelt overskot av jubileumsturneen.

Accountor Rekneskapsteneste AS avdeling Førde skal føre rekneskapet for prosjektet. Eit eventuelt overskot vil gå attende til danseverkstadane og til vidare utvikling av instruktørane.

2.9 Tidligare prosjekt

Gjennom dei 10 åra som har gått sidan etableringa av danseverkstadane i Sogn og Fjordane starta, har DUG gjennomført mange prosjekt:

- 15 turnear til barneheimar i Latvia og Litauen med dans og workshops på barneheimar
- Rehabilitering/opp-pussing av barneheimar i Latvia
- Solidaritetsturne med Flørø sin vennskapskommune Malawi i Nkotakota
- Årlege prosjekt med førestillingar i Nord Italia, kor vi samarbeider med Line Out, ein ung-til-ung-formidlingsorganisasjon i Cesena.
- Regionale turnear som samarbeidsprosjekt mellom fleire danseverkstadar/kommunar
- Fylkesdekkande turnear med danseverkstadane i fylket

DUG laga også fylkesturné i 2013 i samband med Sogn og Fjordane sitt 250 års jubileum. Danseshowet blei ein stor suksess, og tilbakemeldingane frå publikum og media var strålende. Til søknaden har vi laga eit vedlegg der tre ungdomar har gitt tilbakemelding på kva DUG og det å vere danseinstruktør har betydd for dei.

Oppsummering

Danseverkstane i Sogn og Fjordane har eksistert i 10 år, og vi vil feire dette med ei storslått jubileumsforestilling som heile fylket skal få nytte godt av!

Med å støtte dette tiltaket så bidrar Sparebankstiftelsen til å:

- ☞ Lage viktige ungdomsnettverk på tvers av kommunegrensene
- ☞ Gjere dansedrøymar til verkelegheit
- ☞ Skape ungdommeleg glede i Sogn og Fjordane
- ☞ Rekruttere nye barn og ungdom til dans i fylke
- ☞ Betre folkehelsa til unge i Sogn og Fjordane

Vi meiner slike opplevingar er viktig for ungdommen i Sogn og Fjordane – både for dei som ser på og for dei som deltek. Det skapar stoltheit og identitet, og ein kollektiv sjølvtilitt til at vi får det til. Vi **kan** skape slike oppsettingar i vårt fylket også! «Trivselfylket» Sogn og Fjordane får meining og innhald. På denne måten meiner vi jubileumsforestillinga vil vere ei drivkraft for ungdomane i fylket, og gjere fylket til ein rikare og betre plass å bu og fremjar verdiar som mangfald, trivsel og utvikling.



Foto: Keth Øren, Sogn Avis